

Heile 274 løparar deltok i terrengløpskarusellen.

17.06.2016



Kurt Haugland held koken og deltok i alle 5 løpa.

Imponerande 274 løparar har delteke i minst eitt av dei fem løpa i årets terrengløpskarusell. Totalt har desse løparane 575 startar bak seg noko som gjev eit gjennomsnitt på 115 startande i kvart løp. Flest deltakarar hadde SPAR-løpet her i Uskedalen med 181 med Baroniløpet med 140 startande som ein god nummer to.



[Linnea\(18\) gjorde ein flott innsats i alle løpa.](#)

Karusellen vart i år arrangert for 4.gong og har vorte ein ubetinga suksess med aukande deltagarkartal for kvart år. Dei 5 løpa som inngjekk i karusellen i år, var Herøysundløpet, Baroniløpet, SPAR-løpet, Åkra-løpet og Kvinnheradsmeisterskapet i terrengløp på Husnes.

For å kunna motta terrengkarusell-statuetten måtte ein delta i minst 3 av dei 5 løpa. Heile 79 av løparane fekk den. Det er svært imponerande når vi veit kor mange andre aktivitetar som føregår. Det var døme på jenter som kom rett frå fotballkamp for å få med seg løp! Av desse 79 var det 8 løparar som deltok i alle 5 løpa. Tre av dei kom frå Uskedalen. Det var Amund Hella Berge-Soldal, Linnea Myklebust Ripel og Kurt Haugland. Dei fem andre var:Sander Sæverud Jensen, Trio, Bettina Øye Guddal, RTL, Amanda Støle og Sandra Støle, HIL og Sindre S. Omvik, RTL.

Årets terrengløpskarusell har hatt flott ver under alle løpa slik at det har skapt feststemning rundt i bygdene det har vore arrangert. Eit flott tiltak!



Amund som her vert intervjuet etter løpet på Husnes, imponerte i alle fem løpa!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Camilla M. Ripel